



Skulen i Uskedalen må opprustast uansett kva som skjer med elevane frå Bringedalsbygda. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Torsdag skal kommunestyret drøfta planen for endringane i skulestrukturen etterat Fylkesmannen har godkjent vedtaket frå november som lovleg.

For at nedleggjinga av Bringedalsbygda skule skal kunne gjennomførast slik det vart vedteke, må utbyggjinga av Uskedalen skule skje parallelt med utbyggjinga av Undarheim.

Men vel alle elevane frå Bringedalsbygda overføring til Undarheim kan utbetringa av Uskedalen utsetjast, held rådmannen fram.

Kostnaden med opprusting av Uskedalen skule er berekna til 36 millionar kroner, fordelt på 22,8 millionar på nybygg/tilbygg og 13,2 millionar på rehabilitering av eksisterande klasseromsfløy. I tillegg til dette kjem 5 millionar til sju busslommar med busskur i Herøysund.

Hvis berre halvparten av elevane i Bringedalsbygda vel å gå ved Uskedalen, kan ein sjå bort frå halve kostnaden med busslommene og halve drifts- og investeringsparinga ved Bringedalsbygda. I tillegg kan nybygget i Uskedalen truleg halverast.

Hvis ingen av elevane frå Bringedalsbygda vel overføring til Uskedalen vil det likevel bli nødvendig med ei investering på 13,2 millionar her.

Av Ola Matti Mathisen